

Fra: Helene Myhre (hemy5@online.no)

Sendt: 30.04.2017 14:07:58

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: Fwd: Merknad Sjø- og strandsoneplan, sID 14/3495

Vedlegg: hamrehistorie.jpg;Hamre naust.jpg

Hei,

Vi er kjent med at fylkeskommunen har ei rolle i kommunen sitt planarbeid. Vi har gitt innspel til eit tilrådd tiltak om bygging av nye naust på Hamre, og sender kopi til dykk til orientering. Vi håper fylkeskommunen vil vurdere å fremje motsegn til tiltaket ut frå kunnskapen dykkar om Hamre kyrkje og kulturminneområdet rundt kyrkja.

mvh

Helene Myhre og Øyvind Hannisdal

Hamrenesvegen 751, 5281 VALESTRANDSFOSSEN (gnr. 129, bnr. 90)

Tlf 48103597

Videresendt melding:

Fra: Helene Myhre <hemy5@online.no>

Emne: Merknad Sjø- og strandsoneplan, sID 14/3495

Dato: 30. april 2017 kl. 13.56.01 CEST

Til: Osterøy Kommune <post@osteroy.kommune.no>

Innspel til sjø- og strandsoneplan, 2. høyringsrunde, punkt 55

Me vil med dette få koma med merknad til Sjø- og strandsoneplanen som er ute på høyring no. Merknaden gjeld innspel nummer 55 i beskrivinga av planen, om tilrådd naustområde vest for kyrkjekaien på Hamre (129/1).

Me bur i den gamle prestebustaden på Hamre (129/90), og er sterkt imot framlegget ut frå omsynet til kulturminnene og friluftinteressene her på Hamre. Området der det er tilrådd nye naustbygg, er ein del av det historiske kulturminneområdet på Hamre. Staden er ein viktig del av vår felles historie og viktig for Osterøy som samfunn. Omsynet til kulturminnene og historia til området er ikkje teke med i konsekvensutgreiinga av tiltaket.

Kyrkja, parken, prestenaustet og prestebustaden frå 1867, utgjer eit heilskapleg og unikt kulturminnemiljø. Miljøet kan gje kunnskap om både historia til kyrkjestaden Hamre og om sjøen som ferdselsveg. Presten, som budde i det huset me no eig og hadde arbeidsstaden sin like ved, hadde behov for naustet og båtane i det når han skulle til dei ulike stadane som høyrde til Hamre kyrkjesokn. Nybygg attmed det gamle naustet vil vesentleg forringa både naustet og miljøet rundt det. Det tilrådde naustmiljøet vil vera eit inngrep i den verdien som kulturminnemiljøet på Hamre er for ålmenta. Me minner om at Hamre er vald som tusenårsstad for kommunen, om ikkje lenge skal me feira tusenårsjubileum for Hamre som kyrkjestad. Området bør då framstå som ein stad som visar at kommunen og innbyggjarane er stolte av og tek vare på Osterøy sine historiske verdjar.

Dei åra me har budd i prestebustaden har me vore glade for å vera ein del av dette verdifulle miljøet. Me vil ikkje at det skal verta øydelagt, og meiner at nye naustbygg i dette området vil vera skritt i den retninga.

Det tilrådde tiltaket er i strid med vurderingskriteria for planen, både dei nasjonale og dei lokale. Me viser til planbeskrivinga på side 14: «Det skal ikkje opnast for utbygging i strandsone med store verdjar». Kulturminne er nemnt som døme på «store verdjar», og Hamre kyrkje har som eit automatisk freda kulturminne fått ei utvida omsynssone rundt seg. Det tilrådde tiltaket med nye naust ligg midt i denne omsynssona. Det er dermed ikkje samsvar mellom føringane for

planarbeidet og det tilrådde tiltaket.

Me viser til kommunen si beskriving av kyrkjestadane som kulturminneområde:

«Det er viktig å ta særleg hensyn til landskapsrommet rundt kyrkja for at ikkje kulturminnet i seg sjølv skal reduserast i

verdi.» Det tilrådde tiltaket vil gjere nett det som ein vil hindra: Det vil forringa det historiske landskapsrommet rundt kyrkja. Det er i den samanhengen, ut frå dei kriteria kommunen sjølv har sett, uforståeleg for oss at det i planen vert opna

for konkrete tiltak som er heilt i strid med dei føringane som er lagt for planarbeidet.

Me forstår det slik at bakgrunnen for at det vert opna for nye naustbygg her er at det allereie er tre naust her. Det er imidlertid ikkje eit «eksisterande naustområde» der fortetting er uproblematisk. Prestenaustet, som er det største av dei tre nausta i området, har stor historisk verdi både ut frå alder og som del av kulturminneområdet på Hamre. Naustet er ikkje registrert i kommunen sine planar eller registre, men burde vore det. Det ligg fleire gamle båtar i naustet, mellom anna den gamle kyrkjebåten som er i Osterøy museum sitt eige. Naustet og båtane er med på å fortelja historia om presten på Hamre sitt virke i tidligare tider, der han var avhengig av båtskyss for å koma seg rundt i soknet sitt. Det pågår eit enno ikkje ferdigstilt arbeid for å fastsetja alderen på naustet nærare. Tømmeret er frå ulike bygg og tidsepokar, og delar av det kan vera så gammalt som frå middelalderen.

Me kan heller ikkje sjå at omsynet til kulturminnene er konsekvensutgreidd når tiltaket er vurdert, og tiltaket framstår difor som historieløst. På side 48 i planskildringa står det rett nok at «Manglande kunnskap om Sefrak-registrerte bygg og ikkje-registrerte kulturminne gjer at det er potensiale for at ein kan ha oversett eller feilvurdert kulturminne i strandsona».

Ut frå dette skulle med ønskje at kommunen var interessert i å innhente kunnskap om konsekvensane for kulturminna før ein tilrådde det konkrete tiltaket. Når tiltaket ligg i planen, er det allereie lagt sterke føringar som er vanskeleg å gjere om på.

Det står vidare i beskrivinga til planforslaget at arealet ved den gamle kyrkjekaien er del av eit areal som er avsett til friområde, men at området er lite brukt. Dette stemmer ikkje. Særleg vår, sommar og haust vert både kaien, parken og området brukt flittig både av folk frå bygda og som utferdsmål for bading, fiske og rekreasjon. Slik bør det også vera i framtida. Private interesser i nye naust bør ikkje koma framom interessa til ålmenta for å bruka dette området for rekreasjon, læring og oppleving av kulturminnene.

Det skal i tida frametter vera eit arbeid for å gjera området klart til tusenårsjubileet. Vi håpar at kommunen i denne tida vil auka kunnskapen sin om dette området, og vise interesse i å bevare det for ettertida. Den levande historia området viser bør i tida framover verte synleg i form av meir tilrettelegging og kunnskapsformidling. I denne samanheng høyrer ikkje det tilrådde tiltaket heime, og bør takast vekk frå utkastet til sjø- og strandsonenplanen.

For å vise kva aktivitet og historisk verdi området rundt kyrkja, parken og kaien har hatt, legg vi med eit eldre bilete frå kyrkjesundag på Hamre. Vi legg og ved eit oversiktsbilete frå området i dag, slik det framstår frå sjøsida.

Med helsing

Helene Myhre og Øyvind Hannisdal



